



Radøy kommune - rådmann

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/265 - 15/1531

Saksbehandlar:

Kjersti Flatråker

kjersti.flatraker@radoy.kommune.no

Dato:

09.02.2015

Delingssak gbnr 45/322 Manger - deling i tråd med detaljregulering Manger torg

Delegasjonssak nr.: 028/2015

MELDING OM VEDTAK

Saka er handsama og følgjande vedtak er fatta:

Vedtak:

Det vert gjeve løyve til deling av gbnr 45/322 som omsøkt jfr situasjonskart datert 15.09.2014 på følgjande vilkår:

1. reguleringsplan for området skal følgjast.
2. rett i fast eigedom bør tinglysast.

Grunngjeving av vedtaket er at arealbruken er i tråd med arealføremål satt i reguleringsplan for området.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 20-1m (deling) og naturmangfaldslova §§ 8-12

Saksutgreiing

Heimelshavar

Tiltakshavar er heimelshavar til eigedomen.

Tiltak

Det er søkt om deling av eigedom på Manger med føremål å leggje til rette for ny næringseiendom. Storleiken på arealet er i søknaden oppgjeve til å vere ca 4500 m².

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger


Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no
Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634

Planstatus

Eigedomen ligg i regulert område innafør det som i reguleringsplan for Manger torg, PlanID 12602010000200, er definert som område med arealføremål for bustad/forretning/kontor.



Utsnitt av reguleringsplan for Manger torg.

Dispensasjon

Det er ikkje trong for dispensasjon frå arealføremål.

Kulturminne

Det er ikkje opplyst at det er kulturminne på arealet.


Nabovarsling

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av eigedomen er vist i situasjonsplan datert 15.09.2014, motteke 06.02.2015.

Arealet som omsøkt er skravert med fiolett og skal delast i frå gbnr 45/322.



Situasjonsplan vedlagt søknaden

Vatn og avløp (VA)

Eigedomane er sikra lovleg vassforsyning og avløp i samsvar med pbl. §§ 27-1 og 27-2.

6) Rett for kommunen

Kommunen har vederlagsfritt rett til å føra fram grøftar for vass-, avlaup-, overvass-, tele-, og el. kraftledning over eigedomen og til omkringliggjande tomtar. Kommunen skal ha uhindra og vederlagsfri tilgang til ettersyn og reparasjonar av ledningane. Etter avslutta arbeid pliktar kommunen å setje eigedomen i stand att slik den var før arbeidet tok til.

Kjøpar er ansvarleg for eventuelle omkostningar til naudsynt omlegging av eksisterande VA-leidningar.

Tilkomst, avkjørsle og parkering

Eigedomen er sikra lovleg tilkomst til offentlig veg via privat veg i samsvar med pbl. § 27-4.

Flom, skred og andre natur- og miljøforhold

Arealoverføringa ser ikkje ut til å påvirke uønska hendingar.

LOVGRUNNLAG:

Saka skal handsamast etter plan – og bygningslova § 20-1 m om deling.

Tomtedelinga er ikkje i tråd med grenser satt i reguleringsplanen for området og saka er difor lagt fram for avgjerd i politisk utval, jf. delegasjonsreglement for Radøy kommune. Formannskapet har gjort vedtak om å selgje kommunal eigedom.

Vurdering

Tiltaket er etter rådmannen sin vurdering i tråd med arealføremål i plan.



Ortofoto 2011

2) Bruk

Eigedommen er betinga brukt til nytt butikkbbygg for Rema 1000, jf. Kommunestyret sitt vedtak av 27.09.12 og 05.06.14.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Rådmannen har vurdert omsøkt tiltak og prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurderinga. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

Rådmannen finn ikkje at omsøkt tiltak vil komme i konflikt med naturmangfaldslova.

Nye tiltak på arealet må vurderast opp mot kva plan og lov gjev rom for. Søknadspliktige tiltak må godkjennast av kommunen i eige sak.

Konklusjon

Omsøkt deling er i tråd med arealføremål i gjeldande reguleringsplan for området.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt arealplanleggjar Kjersti Flatråker.

Om det ikkje kjem klage på vedtaket vert saka sendt vidare til oppmålingsavdelinga i kommunen som tek kontakt for oppmålingsforretning.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Kjersti Flatråker
arealplanleggjar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Radøy kommune - rådmann